


# Ulla og Haramsøya



Her ser ein Ulla-garden fotografert oppe fra Ulla-hornet. I bakgrunnen har ein Holmen som verner mot sjøen utanfrå og skapte ei framifrå hamn for ottringane. Ein kan mest sjå av biletet at ulla-karane dyrkar gardane sine godt.

Etter at regissørane i det tyske filmselskapet Ufa hadde fare over omlag heile skjergården langs Sunnmørskysten og leita etter ein passande stad til å spele inn «Ishavsfolk», valde dei ut Ulla. Dei skulde ha eit nord-norsk landskap, «hardt og strengt», som regissøren sa det. Og filmfolka var utifrå velnøgde med valet.

Dette kan ein godt skyne. I bakgrunnen reiser det bratte, verslitne og skarpt teikna Ulla-hornet seg, omlag 1 200 fot høgt. Det er grått og hardt, med urer innimillom, og det er lite grønt

å sjå millom steinane. — Utanfor har ein havet, med holmar og skjer og lange grunner der sola spelar i den gulbrune, glitrande taren. Og sjøen og fjorden er so klår og grønblå i den friske nordausten.

I denne råma ligg Ullagarden nede på flata, med husa i ei klyngje som i gamle dagar, roleg og fredfull og liksom støypt saman med natura. Nausta stend i rekke langs fjøra, litt utanfor husa, grå og rolege, og gøymer på dei gamle trerørtingane.

Lenger inne ligg Ullahammar, den gamle handelsstaden. —

Der har ein no krambuer, telefonen og andre slike moderne ting, med fiskarheimar innimillom dei gamle sjøhusa og rorbuene.

Dette er råma tyskarane har valt til «Ishavsfolk».

\*

Det tyskarane venteleg ikkje veit, er at Haramsøya kanskje er den fruktbaraste øya på heile Møre-kysten. Dette gjeld både Ulla, Haram, Myskjø og Åkre. Som eit døme kan nemnast at ein på gardar på Ulla på godt og vel 35 mål jord år om anna før 8—9 kyr, som sjølv sagt vert godt fôra. Jorda er árviss

sem ein segjer, og i fjøra finn ein so mykje ein vil ha av tare som er fyrsteklasses gjødsel.

På Haramsøya har ein ikkje drive so mykje med det som elles er so vanleg i kystbygdene — at ein deler op gardane i småbitar. Difor er dei fleste gardane so store at dei kan fø sin mann. Og det vert meir og meir til det at dei som har ein noklunde god gard, sluttar sjøen og held seg berre til landbruket.

Haramsøya er den eine av dei tre øyane som ein i sjømannsspråket i gamle dagar kalla Skuløyane, og ho ligg i midten og strekkjer seg lengst ut i havet. Dei to andre er Løvsøya i sud og Flemsøya eller Skuløya i nord. — Sei ein på kartet over Haramsøya, vil ein finne at ho liknar ein mannafot, med tærne mot nordvest. Utfor vika som

«stortåa» lagar, ligg Ullaholmen og stengjer, og lagar ei framifrå hamn.

I gamle dagar var det om å gjere å ha stasjon so langt ute mot havet som råd var når ein skulde ro fiskja. Ein hadde ikkje motoren å lite på då, og utroren var både slitsam og tok mykje tid. Med den gode hamna ein hadde på Ulla — so heilt ute i havbrynet — vaks det her snart fram det største fiskeværet på Nordøyane. Folk frå fjordane bygde rorbuver og saltehus herute, og på kvar gard tok ein inn so mykje folk i husa som det på nokon måte kunde vere rom til. Og det var ikkje so reint lite ein kunde stuve saman i eit vanleg stovehus den tida. I 1870 fortelst det at det låg 70 ottringar burtpå vågen, med eit mannskap på 5—600 mann. So

det var folkesamt på Ulla den tida. Når det so attåt var brennevinsutsal inn i Hammaren, var det nok mang ein morro når ein rodde fiskje.

\*

Det var naturlig at det herute vaks fram ein handelsstad. All fisken skulde omsetjast, og her var ei lagleg hamn. Det var i Ulla-hammaren kjøpmennene slo seg til. Her var det so pass tilfot at ein kunde kome fram til budene med ottringane. I åra utetter frå 1800-talet var Ulla-hammaren største handelstaden på Nøre Sunnmøre utanom Ålesund, ein hadde brennevinsrett og alt som høyrde til. Kort sagt — staden var den tida eit lite knutepunkt i det økonomiske livet, med alt det liv og rørsle som fylgjer med. — Det budde den

(Forts. siste side).

*Skal De ha en ny* **NORSK**

# **dress eller kappe?**

Kom og se vårt store utvalg i vårens nyheter.

Godt utvalg i NORSKE stoffer.  
Syes også etter mål.  
Spør etter norske varer

**BIRGER THUNEM A/S**  
ST. OLAVS PLESS



tida til kvar tid 2—3 losar herute, og dei låg stendigt på utkik etter skuter som kom innunder kysten. På dei andre øyane var det også losar.

Det var då ei kapping på kniven om å kome fyrst ombord — ei kapping som ofte gjekk på livet laus. For når ein hadde kome skikkeleg på farta, tok ein ikkje gjerne inn eit rev i seglet. Det er endå ein los att, nemleg Karl Åkre, men han ~~renner~~ no nokso roleg med M. F. R. til Ålesund, og korleis han vidare legg ruta si for å kome ombord på skutone, veit ikkje eg.

\*

Den nye tida og dei nye driftsmåtane i sjøbruket har kome. Ein har fått store motorbåtar med kraftige maskiner, og no er det ikkje so fårleg lenger om utroren er ei mil eller two lenger. Fiskarane treng ikkje lenger ha rorbuer ute i havbrynet — dei bur forresten mykje betre og rømlegare ombord i skøyteno enn dei gjorde på land i fiskeværa i gamle ~~me~~gar. Og dei bygg seg i dag like gjerne hus og heim i Brattvågen og på Austnes som i Ullahammaren. — Ulla-karane har meir og meir slege seg på gardsbruket, og det er heller få av dei som no har båt og driv fiskja.

I Ullahammaren driv dei nok sjøen som i gamle dagar. Men som handelstad har nok Hammaren spela ut rolla si. Tilflotet rakk til for ottringane, —

men vert for grunt for dei store motorbåtane. Og staden ligg elles for mykje utanfor alfarvegen til at det kunde ha halde seg oppe, sjølv om hamna i seg sjølv hadde greidt seg. Brennevinshandelen høyrer også sjølv sagt for lenge sidan soga til.

Det er Austnes på innsida som meir og meir vert knutepunktet på øya. Her har dei fleste kjøpmennene slege seg ned, det veks so ~~st~~att fram industrielle verksområder — det er dei som alt har halde på ein mannsalder. Trafikken går no over Austnes.

Men endå har ikkje Austnes nått fram til den plassen som Ullahammaren hadde i si velmaktstid. Ullahammaren hadde då ei stode langt på veg som handelsstadene og fiskeværa i Nord-Noreg, og det vil ikkje segle so lite.


Kva Austnes vil驱va det til i framtida, skal ein ikkje gjeve seg til å spå om. Ei utvikling til ein stad kjem an på so mange ting som ein absolutt ikkje kan kjenne til i notida. Det er ~~st~~ til Ulla-hammaren det beste dømet på. Men Austnes har nok ein leid medtevlar i Brattvågen, som også har hatt ei sterk utvikling, og ventegleg vil hevde seg godt i framtida og.

Kro.

---

Bare ta det rolig, kamerater, jeg er en undveken fange, forklædt som fangevokter!

Det er helt i orden! Vi er nemlig fangevoktere forklædt som fanger!



Dette er eit fotografi av Ullahammaren teke ovanfrå Ullahornet denne vika. Ei mengd av sjøhusa, salteria og rorbuene er no rivne, so staden såg nok mykje onnorleis ut i velmaktsdagane for 50 år sidan. — I bakgrunnen stikk Ullabaren op or sjøen — ei sandgrunne som er turr i lavvatn. I slutten av fyrrre hundradåret grov dei ei renne gje-nom ho, elles kunde ein ha gått aver til Flem i lavvatn. Som ein ser av billetet, er det ikkje serleg djupt burtfor hammaren heller.